



Meland kommune

Hordaland Fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 17/906 - 18/1649

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:  
26.01.2018

## **Oversending klagesak til endeleg avgjerd- Klage - krav om tilknytning til kommunalt vassverk gbnr 18/57,63 Dalstø Meland kommune**

Vedlagt følgjer vedtak.

*Vedtaket er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jf. Forvaltningslova (fvl) § 28. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen vedtaket vart mottatt, jf. fvl § 29 1.ledd. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til det forvaltningsorgan som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar ein ynskjer, jf. fvl § 32. Klagen skal grunngjevast.*

Med helsing

Larissa Dahl  
Konsulent

Andre mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland Fylkeskommune

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Kristin Moe	FA - J80, FA - M30, Gbnr - 18/57, Gbnr - 18/63, HistSak - 10/729	17/906

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
12/2018	Utval for drift og utvikling	PS	23.01.2018

## GBNR 18/57,63 - Klage på pålegg om tilknytning til kommunalt vassverk - Dalstø

### Vedlegg:

Klage - krav om tilknytning til kommunalt vassverk

Vedlegg til klage

Pålegg - GBNR 1857, 63 - Krav om tilknytning til kommunalt vassanlegg - Dalstø

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Saka gjeld pålegg om tilknytning til kommunalt vassanlegg. VA-anlegget Sandskaret – Dalstø var ferdigstilt i desember 2009, og dei fleste grunneigarane er no kopla til. Kommunestyret sitt prinsippvedtak, datert 21.01.2008, inneber at alle eigedomar som ligg i ein avstand av 200 meter frå kommunal hovudleidning vert pålagt tilknytning. Meland kommune sendte ut brev av 01.10.2008 der eigar av gbnr. 18/57,63 vart informert om framføring av kommunal vass- og kloakkledning til området Sandskaret – Dalstø, samt om rutinar for tilknytning. Eigar av gbnr. 18/57,63 vart så førehandsvarsla den 20.04.2017 med krav om tilknytning til kommunalt vassanlegg. Frist for tilbakemelding på varselet vart satt til 12.05.2017. Kommunen tok imot tilbakemelding frå eigar den 11.05.2017, der han grunngav kvifor han ikkje ønskja å kople bustaden til det kommunale anlegget. Eigar av gbnr. 18/57,63 vart i brev av 04.12.2017 pålagt tilkopling til det kommunale anlegget. Eigar klaga på vedtaket i brev av 18.12.2017. Klagar meiner at tilkoplinga vil medføre ein uforholdsmessig stor kostnad og viser til at han har eit tilfredsstillande privat anlegg frå før av.

### Vurdering

Klagen er sett frem innan fristen på tre veker, jf. fvl. § 29.

### Lovgrunnlag

Spørsmål om klagar kan verte pålagt tilknytning til kommunal vassleidning vert regulert av plan- og bygningsloven av 2008 (pbl.) §§ 27-1 andre ledd.

Pbl. § 27-1 andre ledd seier: «Når offentlig vannledning går over eiendommen eller veg som støtter til den, eller over nærliggende areal, skal bygning som ligger på eiendommen knyttes til vannledningen. Vil dette etter kommunens skjønn være forbundet med uforholdsmessig stor kostnad, eller særlige hensyn tilsier det, kan kommunen godkjenne en annen ordning.»

Hovudregelen er tilknytningsplikt.

### Vurdering av saka

Kommunestyret i Meland har i vedtak datert 23.01.2008 lagt til grunn at alle eigedomar som ligg innanfor ein avstand på 200m frå kommunal hovudleidning vert pålagt tilkopling. Kommunen sine kart viser ein avstand på om lag 90m frå tilkoplingspunktet til den kommunale hovudleidningen og fram til klagar sin eigedom. Klagar har vist til at måla i terrenget viser om lag 135m frå tilkoplingspunktet til den kommunale hovudleidningen. På bakgrunn av kommunestyrevedtaket ligg eigedomen innanfor ein avstand på 200m og må i utgangspunktet knytast til det kommunale anlegget.

Spørsmålet vert derfor om vilkåra for å gi dispensasjon frå tilknytningsplikten er tilstade. Pbl. § 27-1 andre ledd andre punktum stiller opp to alternative vilkår for at kommunen kan gi dispensasjon. Det må enten liggje føre «særlige hensyn» eller tilkoplinga må vere forbunde med «uforholdsmessig stor kostnad».

Når det gjeld vilkåret «uforholdsmessig stor kostnad», meiner klagaren at tilknytning til kommunalt vatn vil påføre dei store og unødvendige kostnader. Klagar har vist til utgifter som tilkoplingsgebyret, tilkopling til kommunalt kloakkanlegg i 2013, engasjering av rørleggjar, gravearbeid og opphogging av gulv.

Tilknytningsavgift og årlege avgifter skal ikkje reknast med i vurderinga etter pbl. § 27-1 andre ledd andre punktum. Dette vert støtta av juridisk teori, sjå Plan- og bygningsrett, Pedersen m.fl. kap. 24. Kostnadene for eigedomen vil vere summen av alle utgiftene for å få lagt leidningen fram til bustaden. Departementet har i skriv til Fylkesmannen i Hedmark datert 10.05.2012 påpeikt på generelt grunnlag at «både en kostnad tilsvarande tre gonger normalkostnaden og en kostnad på kr. 200 000 kan ligge innanfor rammene av andre ledd i §§ 27-1 og 27-2». Vassleidningen er allereie lagt fram til huset til klagar. Klagar har kome med eit kostnadsoverslag på om lag kr. 30 000 for det resterande arbeid med rørleggjar, opphogging av golv og graving. Tidlegare utgifter til tilkopling til kommunalt kloakkanlegg i 2013 kom på om lag kr. 150 000 i følgje klagar. På bakgrunn av ovannemnde kan rådmannen ikkje sjå at det ligg føre uforholdsmessige store kostnader som kan gje grunnlag for dispensasjon.

Spørsmålet vert så om det ligg føre «særlige hensyn» i saka slik at kommunen kan godkjenne ei anna ordning. Kva som er særlege omsyn er drøfta i ei tolkingsutsegn frå Kommunal- og regionaldepartementet (sak 2007/1544). Det går fram her at det må liggje føre «en klar overvekt av hensyn som taler for å fravike tilknytningsplikten». Fylkesmannen har i fleire avgjerder vist til at

tilknytingsplikten inneber at det offentlege sine interesser ofte vil gå føre den enkeltes ønske om å behalde privat vassforsyning. Det går fram av forarbeida til pbl. § 27-1 at tilknytingsplikten ikkje berre er for å ivareta omsynet til folks og dyrs helse, men også for å sikre at offentleg vassforsyning og avlaupssystem vert bygd ut og drive teknisk og driftsøkonomisk rasjonelt.

Eit moment som kan gje unntak er at eigedomen i dag er knytt til eit privat anlegg som verkar tilfredsstillande. Anlegget er frå 1974 og sjølv om det har funne stad utbetringar i seinare tid (2008) vil dette ha avgrensa relevans for vurderinga. Momentet ville ha hatt større vekt dersom det nyleg hadde vore investert store summar i nytt privat anlegg enn når anlegget er gamalt. Den klare hovudregelen er at ein skal påleggjast tilknytning til kommunal vassleidning. På bakgrunn av ovannemnde kan rådmannen ikkje sjå at det ligg føre særlege tilhøve som tilseier at ein her kan fråvike hovudregelen om tilknytingsplikt.

Utval for drift og utvikling må vurdere om det i klageomgangen er kome fram nye opplysningar som tilseier at vedtaket skal gjerast om.

#### Vidare saksgang

Dersom utval for drift og utvikling (UDU) ikkje tek klaga frå Tor Ryland til følge skal Fylkesmannen i Hordaland v/kommunal- og samfunnsplanavdelinga ha tilsendt vedtaket for endeleg avgjerd.

#### **Framlegg til vedtak:**

«Utval for drift og utvikling finn at klage journalført 18.12.2017 ikkje inneheld ny grunngeving eller nye opplysningar som tilseier at pålegg datert 04.12.2017, sak 335/2017, vert gjort om. Klaga vert difor ikkje teken til følge. Det vert vist til saksutgreiing og vurdering ovanfor som grunnlag for vedtaket. Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.»

#### **Utval for drift og utvikling - 12/2018**

#### **UDU - behandling:**

#### **UDU - vedtak:**

«Utval for drift og utvikling finn at klage journalført 18.12.2017 ikkje inneheld ny grunngeving eller nye opplysningar som tilseier at pålegg datert 04.12.2017, sak 335/2017, vert gjort om. Klaga vert difor ikkje teken til følge. Det vert vist til saksutgreiing og vurdering ovanfor som grunnlag for vedtaket. Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.»

